



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 15.02.2023 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Desse møtte:

Ingmund Eliassen, Janita Kurseth Eikemo, Stein Vedvik, Ellen Brautaset Vatne, Anita Øvergård.

Sak 11/23 **Referat frå møte 23.01.2022**
Godkjent.

Sak 12/23 **Søknad frå Jippikoret**
Vi har fått søknad om å dekke utgifter til mat – dette utgjør ca 8000.- pr år.
Ellen har en konto frå Ikornnes Søndagsskule som vi kan overføre frå. Kjekt å støtte koret, og det hadde vore flott å få oppleve heile koret ein gong – ikkje berre deler av det 😊 Kathrin må sende konto-informasjon til Ellen.

Sak 13/23 **Fornya misjonsavtale**
Vi inngår ny avtale med kr 10.000.- pr år i 4 år. Magnar må formalisere kontrakta saman med May Lisbeth Aurdal. Vi vil ikkje binde opp aktiviteter no, då avtalen berre vil gjelde for 6 mnd av vår periode. Det nye soknerådet må evt. finne ut om dei vil gjere noko meir ut av avtalen.

May Lisbeth vil komme både laurdag og søndag og informere om arbeidet NMS gjer.

Sak 14/23 **Søndagsmiddag 19. februar etter gudstenesta**
Ellen, Janita og Kathrin er ansvarleg, og i tillegg har dei med 3 konfirmanter. Og kaffikoker Oddhild.

Sak 15/23 **Kyrkjedagane 10. – 12. mars**
Fredag blir det Blue Horn saman med Hundeidvik Blandakor. Kl 19.
Inngangspenger kr 200.- Suppe, kaker og åresal i kjelleren etter konserten.

Laurdag blir det sal av kaker, bakst, karbonadesmørbrød. Tombola med rullelodd + åresal. Underhaldning ved Jippikoret, May Lisbeth Aurdal og kanskje ansiktsmaling. Frå kl 13, underhaldning kl 14.

Søndag gudsteneste og 6-åringane er inviterte. Restefest med kaker og evt sluttsalg tombola.

Anita lager arbeidsliste, kakeliste og plakat. Loddbøkene er ute.

Vi møter torsdag 9. mars kl 19 for å lage klart.

Referent
Anita